

VELFERDSORDNINGANE I LANDBRUKET

Landbruket har fleire velferdsordningar. Den best kjente og mest brukte er avløyserordninga som er til for at bonden skal få ferie og fritid. Maksimalt avløyser-tilskot for 2023 er på kr 126 580.

Bliir bonden sjuk, venter barn eller har sjuke barn er det sjukelønsordninga som gjeld. Medan avløyserordninga for ferie og fritid har eit maks beløp pr år opererer sjukelønsordninga med dagsats. Maksimal dagsats for 2023 er på kr 2100.

For å kunna nytta seg av sjukelønsordninga er det gitte krav til inntekt som må vera på plass. Det er også ulike krav for eigar av føretaket og ektefelle. Hovudregelen er at personen det vert søkt tilskot for må ha hatt næringsinntekt frå jordbruk, gartneri mv frå føretaket i dei to siste inntektsåra vedkomande har fått skatteoppgjer for pr 1. januar i det året avløysinga vert utført (for 2023 er det år 2020 og 2021 som vert brukt).

For innehavar av føretaket er det nok å ha næringsinntekt positiv eller negativ, medan ektefelle må ha hatt ei minimumsinntekt på ½ G (kr 59 310 i 2023) for å kunna nytta seg av sjukelønsordninga. For nye bønder er som ikkje har fått skatteoppgjer for to år etter opp-start, er det nok å kunna visa til at føretaket er eigna til å gje positiv næringsinntekt over tid.

Det er berre ektefelle som er omfatta av velferdsordningane sidan næringsinntekt berre kan delast med ektefelle. Næringsinntekt kan ikkje delast med sambuar.

Tilskot ved sjukdom

For å kunna søka om tilskot til avløysing ved sjukdom må ein vera yngre enn 70 år og sjukemeldt frå arbeid i føretaket. Det kan også søkast om tilskot til avløysing utan at det føreligg sjukemelding dersom ein i samband med eigen sjukdom eller skade har vore til nødvendig behandling, kontroll eller undersøking på sjukehus eller spesialist godkjent av det offentlege. I tilfelle utan sjukemelding må ein ha gyldig dokumentasjon, dette kan f.eks vera innkalling til undersøking eller kontroll, eller stadfesting på oppmøte.

Tilskot til avløysing ved svangerskap, fødsel og adopsjon av barn

Gravid næringsdrivande/arbeidstaker kan søka NAV om svangerskapspengar dersom det er risikofaktorer for barnet, eksempel på dette er fysisk krevande arbeid eller arbeid med kjemikalier. Når Nav har godkjent søknad om svangerskapspengar kan ein søka om tilskot til avløysing.

For å kunna søka om tilskot til avløysing i samband med fødsel må ein ha fått eingongsstønad, vedtak eller avslag på foreldrepengar frå NAV.

I samband med fødsel kan faren søka om tilskot for avløysing inntil 14 dagar dersom han bur saman med mor til barnet og mor ikkje mottok tilskot for avløysing desse dagane. Dette er særleg aktuelt der ektefelle ikkje har inntekt frå garden og for sambuarar.

Sjuke barn

Ein kan søka om tilskot til avløysing til og med det kalenderåret barnet fyller 12 år dersom jordbrukaren følger barnet til legeundersøking i samband med sjukdom eller skade. Nytt frå 1. januar 2023 er at det kan søkast om tilskot for dagar jordbrukaren har teke seg av sjuke eller skada barn utan at det var nødvendig å følge barnet til lege/behandling alle dagane i søknadsperioden. Gyldig dokumentasjon kan f. eks vera bekreftelse til oppmøte til undersøking hos fastlegen eller på sjukehus. Dokumentasjonen må dekkja heile søknadsperioden. Det er ikkje krav at konsultasjonen skjer ho spesialist eller på sjukehus. Undersøking og behandling hos fastlege kan gje grunnlag for utbetaling av tilskot. Det må dokumenterast at barnet har vore sjukt heile søknadsperioden.

Velferdsordningane er refusjonsordningar. Lønna til avløysaren må vera utbetalt før ein kan søka om refusjon. Tidsfristen for å søka refusjon er 1 år etter at ein vart friskmeldt eller etter foreldrepengane er slutt. Vår anbefaling er å få gjort dette så snart som mogleg. Ved sjukdom skal ein vera klar over at dei første 16 dagane får ein ikkje sjukepengar frå NAV, men vil i denne perioden kunna søka om tilskot på inntil kr 2100 pr dag for utgifter til sjukeavløysing. Frå dag 17. kan ein søka om sjukepengar frå NAV. Sjukepengane frå NAV går tilfrådrag i dagsatsen.

HVA ER EN FREMTIDSFULLMAKT

Demens og annen alvorlig sykdom kan gjøre at du en gang i fremtiden trenger hjelp. Hvis du oppretter fremtidsfullmakt, kan du bestemme at noen du stoler på, skal ta vare på dine interesser den dagen du ikke klarer det selv.

Vergemålsloven definerer fremtidsfullmakt slik:

«En fremtidsfullmakt er en fullmakt til én eller flere personer om å representere fullmakts-giveren etter at fullmakts-giveren på grunn av sinnslidelse, herunder demens, eller alvorlig svekket helbred ikke lenger er i stand til å ivareta sine interesser innen de områdene som omfattes av fullmakten.»

Som oftest gir en fullmakt til ektefelle, barn eller andre nærstående. For at fullmakten skal gjelde må det normalt innhentes legeerklæring på at vedkommende ikke lenger er i stand til å ivareta sine interesser.

En slik fullmakt er ikke minst viktig dersom en når fullmakten trer i kraft fortsatt eier eiendom som gardsbruk, bolig eller fritidseiendom.

Vi kan bistå med å utarbeide slike fullmakter. Ta da kontakt med kontoret på tlf. 51786990.

HUSK SØKNADSRIST FOR PRODUKSJONS-TILSKUDD 15. OKTOBER

Frist for å søke del 2 er 15. oktober, med telledato 1. oktober. Søknadsfristen er absolutt, og alle søknader sendes inn elektronisk! Utbetaling av tilskuddet er i februar i 2024.

Trenger du hjelp til utfylling og innsending, er det bare å ta kontakt med oss på tlf: 51786990 – så hjelper vi deg med dette 😊

FRIST 2 MND. MVA

Termin	Frist levering bilag til oss
4	20. september
5	20. november
6	20. januar



Ane Undheim Tvedt

Er tilbake fra permisjon og er ansatt i full stilling hos oss, og skal jobbe med jordbruksregnskap. Ane bor på Norheim sammen med mann og deres lille sønn. Velkommen Ane 😊



Ingvild Skretting

Vi er glade for å kunne ønske Ingvild velkommen tilbake til oss. Hun skal ha ansvar for egne kunder og skal være med i rådgivingsgruppa. Velkommen Ingvild 😊



Marit Epletveit

Vi er glade for å kunne ønske Marit velkommen tilbake til oss etter 6 år med permisjon. Hun skal jobbe i 50 % stilling og ha ansvar for egne jordbrukskunder. Velkommen Marit 😊

KURS I EIERSKIFTE

Tid: Tirsdag 31. oktober kl 18.30-21.30

Sted: Spiserommet på kontoret på Særheim, Postvegen 209, Klepp stasjon

Vi vil også dette året arrangere kurs for medlemmer og andre for å gå gjennom de viktigste forhold knyttet til eierskifte. Kurset går over en kveld, og vi ser gjerne at både selgere og kjøpere deltar på samlingen.

Tema:

- Skatteregler
- Økonomi
- Rettsregler
- Mellommenneskelige forhold

Pris: kr 500 for første deltaker, kr 250 for øvrige fra samme gård.

Påmelding til tlf. 51786990 eller e-post: klepp@grl.no innen 27. oktober.

Ansvarlige for gjennomføring er: Toril Røysland Salte og Martin Svebestad